

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 12.09.2024
Vår ref.: 202103759-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2021/315-60

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE fremjar motsegn til kommuneplanen sin arealdel 2025-2037 for Hustadvika kommune

Vi viser til brev frå Hustadvika kommune datert 11.07.2024. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2025-2037 for Hustadvika kommune.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er knytt til:

- **Manglande avklaring av reell fare på siste plannivå eller krav til reguleringsplan for område regulert til spreidd utbygging i LNFR-områda.**
- **Manglande vurdering og dokumentasjon på bruk av omsynssone *Vidareføring av reguleringsplan H910*.**
- **Manglande vurderingar eller krav til reguleringsplan for område i aktsemdområde for kvikkleireskred.**
- **Mangelfulle føresegner for omsynssone Skredfare H310 knytt til aktsemdsområde for skred i bratt terreng.**
- **Manglande omsyn til energianlegg som er ein del av regional- og nasjonalnettet.**

Meir konkrete vurderingar om dei ulike motsegnspunkta kjem fram av merknadane nedanfor. Dersom kommunen rettar opp planen slik vi rår til, fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

NVE har og andre merknader til planframlegget som det ikkje er knytt motsegn til. Vi oppmodar kommunen til å ta omsyn til desse merknadane ved vidare handsaming av planen.



Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Om planframlegget

Planframlegget omfattar heile arealet i kommunen og erstattar kommuneplanane for tidlegare Fræna og Eide kommune. Eit av føremåla med planarbeidet er å lage eitt felles planverk for heile kommunen. NVE ga innspel til oppstart av planarbeidet i brev datert 09.04.2021.

Til planframlegget er det utarbeidd fleire temakart som ikkje låg ved utsending av plandokumenta til offentleg ettersyn. Dokumenta er tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. NVE rår til at det kjem tydeleg fram av plandokumenta kva juridisk status temakarta skal ha ved planvedtak.

Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde.

På kommuneplannivå rår NVE til at areal som ikkje kan friskmeldast med omsyn på naturfare blir markert med omsynssone H310/H320. Særleg legg vi vekt på at dette blir gjort i område der planen legg til rette for bygging. For område der det ikkje er avklara reell fare, må kommuneplanen setje krav om reguleringsplan for å følgje krava i [KMD H5/18](#).

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse



Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for planframlegget er slått saman i eitt dokument. Det er gjort ei konkret vurdering for alle framlegg til arealendringar, og det er gjort ei samla vurdering for fleire utgreiingstema. For NVE sine saksområde er det mest relevant å ta stilling til kva vurderingar som er gjort for vassdrag, klimatilpassing, energi og samfunnstryggleik.

For vassdrag er vi nøgd med at kommunen set fokus på å sikre kantvegetasjon, men det er ikkje bra at vurderinga konkluderer med mogelege uheldige verknader for vassdraga som følgje av fleire føreslege utbyggingsområde. Dersom planframlegget opnar for utbyggingsområde der omsyn til vassdragsverdiane ikkje er avklara, føreset NVE at det er krav om detaljregulering og at omsynet til vassdragsverdiane vert følgt opp på neste plannivå.

Kommunen kjem heller ikkje særleg positivt ut når det gjeld omsyn til klimautslepp og klimatilpassing når konklusjonen er at planframlegget opnar for auka utslepp og at fleire utbyggingsområde vil krevje avbøtande tiltak for å møte klimautfordringane. Framlegg til kommuneplan føreset at overvasshandtering og klimatilpassing skal avklarast på neste plannivå.

På energisida les vi konklusjonen slik at konsekvensane av planframlegget er liten eller uendra, og at eventuelle avklaringar på dette feltet kan gjerast i reguleringsplanar.

Så langt vi kan sjå er det ikkje gjort ei samla vurdering av samfunnstryggleik for føreslege endringar.

På generelt grunnlag rår NVE frå å bygge ut i område som krev sikring eller avbøtande tiltak for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Det fører til trong for ettersyn og vedlikehald over lang tid, og både kostnader og ansvar kan vere utfordrande å følgje opp.

Sjølv om det er gjort vurderingar for konkrete utbyggingsområde, saknar vi at ROS-analysen gjer grundigare vurderingar for fleire typar naturfare. **NVE rår kommunen til å vurdere både nye utbyggingsområde og eksisterande utbyggingsområde som ikkje er utbygd med omsyn til mogeleg og reell fare. Planframlegget må sikre at reell fare er avklara på siste plannivå.**

LNFR-område med spreidd utbygging

Kommunen har føreslege vidareføring og nye område for spreidd utbygging i LNFR-områda. I KU/ROS-analyse er det gjort enkle vurderingar av samfunnstryggleiken av dei områda som er nye i planframlegget. Jamfør vår merknad til ROS-analysen ovanfor er ikkje alle forhold knytt til samfunnstryggleik tilstrekkeleg vurdert.

Så langt vi kan sjå er mange område for spreidd utbygging innanfor mogeleg fareområde, utan at det er sett plankrav til områda før utbygging. I framlegg til føresegnar § 8.2 punkt g. er det sett krav om dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik ved fradeling i potensielle fareområde, som i praksis vil bety at vurdering av reell fare er utsett til søknad om løyve til tiltak (byggesak). Slik praksis er i strid med [KMD H5/18](#) fordi reell fare ikkje er avklara på siste plannivå. Vi viser også til rettleiaren [Planlegging for spredt bolig-, fritids- og](#)



[næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder \(LNFR-områder\) - regjeringen.no](http://næringsbebyggelse.i.landbruks-,natur-,friluft-og.reindriftsområder(LNFR-områder)-regjeringen.no) der dette også er presisert. **NVE har motsegn til planen inntil det er sett krav om detaljregulering eller at reell fare er avklara på siste plannivå.**

Bruk av omsynssone H910 - Vidareføring av reguleringsplanar

I framlegg til plankart er det regulert omsynssone *Vidareføring av reguleringsplan H910* for mange planar. I framlegg til føresegnar § 10.6 står det at reguleringsplanen sin rettsverknad skal gjelde framfor kommuneplanen, men at kommuneplanen sin arealdel skal leggst til gunn ved eventuelle endringar. Vidare i føresegna er alle desse reguleringsplanane lista opp med tilhøyrande planid. Bruken av omsynssona er ikkje omtala i planomtalen utover oppstilling av omsynssoner i kap. 8.1.

Vi har ikkje sjekka om omsynssona i plankartet stemmer overeins med lista over planar i føresegnene § 10.6, men har det som føresetnad for vår merknad.

Bruken av H910 er streng. Ei omsynssone med føresegnar for handtering av naturfare vil ikkje vere gyldig innanfor H910. I [rettelearen til kommuneplanen sin arealdel](#) kap. 4.6.7.3 står det at dersom denne omsynssona vert nytta kan ein ikkje gi føresegnar i kommuneplanen sin arealdel for det arealet som er omfatta av sona som endrar innhaldet i gjeldande reguleringsplan. Sidan bruken av omsynssone H910 hindrar kommuneplanen sin arealdel i å få verknad på arealbruken innanfor dei aktuelle reguleringane, så betyr det at viktige nye føringar, ny kunnskap og omsyn ikkje blir gjeldande. Innanfor NVE sitt sektoransvar er det då grunn til å stille spørsmål om den gamle reguleringsplanen tek omsyn til:

- dei statlege føringane i ny Statleg planretningsline for klima og energiplanlegging og klimatilpassing. Tek den til dømes omsyn til større flaumar eller ny kunnskap om annan fare?
- ny kunnskap om naturfare og nye krav til tryggleik mot flaum og skred. Er flaum- og skredfare vurdert slik at gjeldande reguleringsplanar tek tilstrekkeleg omsyn til desse naturfarane?

Kommunen må gå gjennom gjeldande reguleringsplanar på ny og vurdere om desse tek tilstrekkeleg omsyn til naturfare i eit endra klima, og om naturfare er tilstrekkeleg vurdert. Dersom planane ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til desse forholda, kan de ikkje bruke omsynssone H910. **NVE fremjar motsegn til arealdelen inntil de har gjort denne gjennomgangen og dokumentert grunnlaget for bruk av omsynssone H910.**

Naturfare

Grunnforhold

Hustadvika kommune har store areal som ligg under marin grense. I plandokumenta (KU/ROS) er det eit forhold som er vurdert for mange utbyggingsområde. I ROS-analysen



er det gjennomgående vist til om området ligg under marin grense, og kva avsetning som er vist i NGU sitt lausmassekart. Vi saknar at ROS-analysen gir vurderingar på om områda må vurderast som aktsemd- eller fareområde eller ikkje.

I framlegg til plankart er det regulert omsynssone skredfare H310, men tilhøyrande føresegn § 10.1.1 er ikkje tydeleg på kva datasett som er grunnlag for omsynssona. Slik vi les framlegg til plankart (Temakart Skred) kan grunnlaget for omsynssona vere NVE sine aktsemdkart for skred i bratt terreng (snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred). Så langt vi kan sjå er det ikkje laga omsynssone skredfare som er basert på NVE sitt aktsemdkart for kvikkleireskred (publisert i 2023).

For å tydeleggjere i plankartet kva område som krev avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire, viser vi til aktsemdkart for kvikkleireskred som er tilgjengeleg for nedlasting i NVE sin kartløysing eller frå kartkatalogen til [geonorge](https://geonorge.no). Vi viser også til rettleiing til bruken av karta i steg 10 på [NVE sin kartbaserte rettleiar for kommuneplanen sin arealdel](#). Vi rår til at de regulerer aktsemdområde for kvikkleireskred med omsynssone skredfare H310 med tilhøyrande føresegner. Med ei slik regulering vil det ikkje lenger vere relevant med retningslinja som er gitt i føresegnene § 10.1.1.

For utbyggingsareal i aktsemdområde for kvikkleireskred må planen sikre at avklaring av reell fare vert gjort på siste plannivå, og det må setjast krav til reguleringsplan for dei områda der slik avklaring ikkje er gjort i planframlegget. Samla sett finn vi at planframlegget har vesentlege manglar knytt til korleis fare for områdeskred av kvikkleire vurdert og løyst. **NVE har motsegn til planframlegget inntil det er gjort vurderingar og eventuelt endringar i plandokumenta som svarar for våre merknader ovanfor.**

Vi gjer også merksam på at utbygging og inngrep i strandsona må vurderast særskilt i høve til fare for utgliding. NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kapittel 2.8 skriv om aktsemd i strandsona. Vi oppmodar kommunen om å sikra at det vert gjort vurderingar av skredfare i alle plan- og byggesaker der det er planlagt inngrep eller utfylling i strandsona

Skredfare i bratt terreng

Plandokumenta gir lite informasjon om kva vurderingar som er gjort, og kva datasett som er grunnlag for vurderingar av skredfare i bratt terreng. Informasjonen som vi har sett på er framlegg til Temakart skredfare, KU/ROS kap. 3.7, planomtalen kap. 8.1 og framlegg til føresegner § 10.1.

Så langt vi kan sjå er det NVE sine aktsemdkart for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred som er grunnlaget for omsynssone skredfare H310 i framlegg til plankart (Temakart skredfare). Ordlyden i framlegg til føresegner § 10.1 gir derimot uttrykk for at det er fare for kvikkleireskred som er innhaldet i omsynssona. Det er slik vi vurderer trong for å endre tekst i føresegner og planomtale for å gjere det tydeleg kva som er innhaldet i



omsynssone skredfare H310. I plankartet rår vi til å bruke nummerering på omsynssone skredfare for å skilje dei ulike faretypeane.

For skredfare i bratt terreng har NVE har konkrete råd for ordlyden i føresegnene til omsynssone for skredfare i bratt terreng;

Omsynssone H310_X viser aktsemdområde for skred bratt terreng. Grunnlaget for sona er aktsemdkart for snøskred, aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord- og flaumskred. For tiltak innanfor omsynsona må reell fare for skred avklarast i samsvar med tryggleikskrava i byggtেকnisk forskrift (TEK17) § 7-3 og gjeldande rettleiing til NVE.

NVE vurderer at det er manglande samsvar mellom plankart, føresegner og eventuelle andre plandokument knytt til skredfare i bratt terreng som må rettast opp. Manglande krav i føresegnene til omsynssone skredfare er ein mangel som er grunnlag for motsegn frå NVE, men også andre plandokument må reviderast for å klargjere korleis omsyn til skredfare i bratt terreng er handtert. **NVE har motsegn til planframlegget inntil føresegnene for omsynssone skredfare H310 gir eintydig informasjon om faretype og krav til avklaring av reell fare.**

NVE kjenner til at det er gjort konkrete farevurderingar for skred i bratt terreng i kommunen. Det er også høve til å vise resultat av reell farekartlegging i kommuneplanen sin arealdel dersom kartleggingane er vurdert til framleis å avklare reell fare. Dersom de vil vurdere å ta desse med i plandokumenta, må fareområda regulerast med omsynssone skredfare H310 og tilhøyrande føresegner som klargjer kva fare omsynssona representerer.

Fare for flaum og erosjon

Slik vi les plandokumenta er NVE aktsemdkart for flaum lagt til grunn for omsynssone flaumfare H320 i framlegg til plankart (temakart flom). I framlegg til føresegner § 10.1.2 kan det gjerne komme tydelegare fram at omsynssona representerer aktsemdområde, og at det vil vere krav om dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17 § 7-2 før gjennomføring av tiltak. For utbyggingsområde innanfor aktsemdområda må de sette krav om plan dersom ikkje reell fare er avklara. NVE rår til at ordlyden i føresegnene § 10.1.2 blir justert i samsvar med desse merknadane før slutthandsaming av planen.

Overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.



Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet, bør de vurdere konkrete krav til lokal drying av vatn i nye byggeområde.

Vi viser elles til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar.

Plandokumenta har så langt vi kan sjå ingen reelle vurderingar for kva utfordringar som er gjeldande og korleis kommunen skal sikre trygg handtering av overvatn byggeområda. I ROS-analysen er det nemnd i samband med klimaendringar, men det er ikkje følgt opp med reelle vurderingar. Det er likevel bra at de i framlegg til føresegner § 4.6 har sett generelle krav til blågrøne strukturar, overvatn og flaumvegar.

Fjellskred

Det er kartlagt objekt med fare for fjellskred i kommunen eller nabokommunar. Alle objekta som kan ha verknad for kommunen sitt areal er vurdert med sannsyn mindre enn 1/5000. NVE vurderer at det ikkje er naudsynt med konkret oppfølging av slik fare i plandokumenta.

Vassdrag

I framlegg til plankart er innsjøar, vatn og tjern regulert med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* og underføremål *Naturområde*. Så langt vi kan sjå er det ikkje brukt same arealføremål på elvestrekningar med ein viss storleik. Det er også utarbeida eit temakart for vassdrag, der vassdrag er regulert med omsynssone *H560 Naturområde*. I tilhøyrande føresegner § 10.5.1 er det sett forbod mot tiltak og krav til kantvegetasjon, men det kjem ikkje fram kva som er breidda på denne omsynssona eller kva datasett som er brukt som grunnlag.

I framlegg til føresegner § 9 tilhøyrande arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* er det fastsett byggegrense på 50 meter langs vassdrag, vatn og tjern i LNFR-områda, og 20 meter langs bekkar i byggeområda. Det er sett krav til vegetasjonsbelte på 10 meter langs vassdrag med årssikker vassføring. Det er også gitt unntak for krava dersom anna byggegrense er fastsett i reguleringsplan.

Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. NVE rår til at alle vassdrag og vatn som er vist med flate i kartgrunnlaget (Statens kartverk) blir regulert med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, med tilhøyrande føresegner.

Det er gjort eit bra arbeid for å ta vare på vassdragsmiljøet i kommunen. Slik plandokumenta er utforma, er det likevel utfordrande å vite kva krav som gjeld. For å gjere krava tydelegare og plandokumenta lettare å lese, rår NVE til at de gjer endringar i plandokumenta;



- Alle vassdrag og innsjøar (vatn, tjern) med etablert flate i kartgrunnlaget blir regulert med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med underføremål Naturområde.
- I tilhøyrande føresegn må det kome fram kva byggegrense som gjeld langs vassdraga. NVE rår til at byggegrensa vert sett til minimum 20 meter langs vassdrag med nedbørsfelt < 20 km², og minimum 50 meter langs vassdrag med nedbørsfelt > 20 km².
- Det bør vere konkrete vurderingar som grunnlag for å fastsetje breidda på vegetasjonsbelte langs vassdrag. 10 meter breidde på vegetasjonsbelte kan i nokre tilfelle vere lite, men det som er viktigast er at det vert dokumentert kva som er grunnlaget for framlegg til breidde.
- De bør fastsetje generelle krav til byggegrense og breidde på vegetasjonsbelte på mindre elvar og bekkar som ikkje kjem under arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag*. Byggegrensa bør vere minimum 20 meter.

Med slike endringar kan de vurdere å utelate temakart vassdrag. Vi vurderer at ei slik rydding i arealføremål og omsynssoner med tilhøyrande føresegner vil gjere planen betre som styringsdokument for arealbruken langs vassdraga.

Vassdrags- og energianlegg

Gjennom kommunen er det ein overføringsleidning for elektrisk kraft og transformatorstasjonar som er ein del av nasjonal- og regionalnettet og regulert gjennom energilova. Desse anlegga er unnateke handsaming etter pbl, og skal visast med omsynssone *H740 Bandlegging etter anna lovverk* i plankartet.

Så langt vi kan sjå har ikkje planframlegget tatt tilstrekkeleg omsyn til dette anlegget verken i plankart eller føresegner. **NVE har motsegn til planen inntil det er synleggjort at vassdrags- og energianlegg som har konsesjon etter energilova er regulert med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*.**

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

Proessen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort. Har de spørsmål til motsegna eller til andre faglege råd i dette brevet ber vi om at de tek kontakt.

Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor. Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i



plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnspunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Dersom Hustadvika kommune har spørsmål, ynskjer å drøfte, eller få utdjupa våre merknader står vi gjerne til teneste og kan stille på møte.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Kopimottakarar:

Møre og Romsdal fylkeskommune
HUSTADVIKA KOMMUNE